



Odd Terkelsen

Ein institusjon i bygda vår gjennom meir enn 65 år, Odd Terkelsen, eller Odden som vi kjenner han som, vart fylgt til si siste kvile i Uskedal kyrkje i dag, fredag. Odden døydde søndag kveld i heimen sin på Hagetunet etter noko tids sjukdom. Han vart vel 83 og 1/2 år gammal.

Odden vart fødd i Grimstad den 13.november 1931, og alt i barneåra viste han seg som ein hjelpsam og arbeidssam gut som folk sette pris på. Då han var 9 år gammal byrja han på Eikelund skole. Der fann han seg svært godt til rette, og han viste gode evner i praktiske fag. Derfor tok han eit år på skule etter han var ferdig på Eikelund, der han fekk vidareutvikla dette. Han lærte m.a. mykje om gardsarbeid dette året.

Odden kom til Uskedalen då han vart dreng på Haugland i 1949, 18 år gammal. Han viste seg straks som ein god arbeidsmann som fekk sin del av ansvaret for gardsdrifta. Han var glad i dyr, og særleg hadde han eit godt forhold til hesten. Dei to kunne saman med reiskapar ordna det meste av gardsarbeidet.

Odden var også til god hjelp for andre. Både naboar, andre bønder og lag nytte godt av arbeidskapasiteten hans. Han deltok ofte på dugnader, og det vert sagt at han var spesielt god til å kjøra trillebår, såleis var han med på dei fleste gardar då det vart støypt ny silo. Elles var han ein god slåttekår for fleire.

Odden hadde eit heilt spesielt forhold til idrettslaget, og då særleg fotballaget og Heio. I svært mange år var han med på reisene til alle bortekampane, og i meir enn 30 år la han ned uttallege dugnadstimar som banemeister då han stelte banen på Heio.

I svært mange år var han fast flaggberar fremst i 17.mai-toget.

Odden budde samanhengande i Uskedalen frå 1949 med eit kort avbrekk. Han tok seg jobb som dreng på Jæren, men lengta tilbake til Haugland så han kom tilbake etter eit år.

For om lag 20 år sidan flytta han til eige husvære i Myro, og dei siste åra har han budd i Hagetunet. Også etter at han flytta ned til bygda var han svært aktiv. Han jobba på AFA, deltok på SIKVAL, var keeper på handballaget, var på stadige sykkelturar, og ikkje minst spela han munnspel i Amigos. Med denne gruppa var han med og opptredde både på Rosendal musikkfestival, på Dissimilis-festival i Oslo og i mange andre samanhengar. Mange turar fekk han også som aktiv på idrettsleikar både sommar som vinter.

I dag vart denne heidersmannen og arbeidsmannen ført til si siste kvile under ein vakker og gripande gravferdsseremoni i Uskedal kyrkje. Sokneprest Jan Ove Totland heldt ein fin minnetale, og gjennom heile seremonien merka vi at han kjende Odden godt. Vokalisten i Amigos, Leif Inge Heimvik, song 3 nummer med si klare og gode stemme. Han vart akkompagnert av Eva Megyesi på piano då han framførte **Blott en dag** og **Ein fin liten blome**. I det tredje nummeret **Eg er meg og du er deg og saman er vi vi** fekk dei kyrkjelyden til å reisa seg og vera med på song og bevegelsar. Gripande var det, og nytt for dei fleste.

Det var kranse- og blomehelsingar frå dei næraste og frå mange gode venner. Mellom dei mange som deltok, var også slektingar av Odden frå Grimstad. Sjølv om Uskedalen fekk ein stor plass i hjarta til Odden, gløymde han aldri kor han kom frå. Han reiste lenge heim til Grimstad på ferie.

Det var ei flott og gripande stund i Uskedal kyrkje. Det var svært mange som ville fylgja Odden til den siste kvila.

Vi lyser fred over Odden sitt minne.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: utsnitt av framsida på gravferdssongane.